



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG

Saksnr	Utval	Dato
031/17	Driftsutvalet	15.06.2017

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
K2 - L12, PlanID - 201601	Steinar Haaland	16/576 - 12 2017005096

Vedlegg i saka:

Uoff §

16.12.2016 Planbeskrivelse
10.02.2017 Planbestemmelser - Bergekrossen FV13 - FV491
24.05.2017 Plankart 2016 01
16.12.2016 Ros analyse

201601 Detaljplan Bergekrossen FV13/FV491 - 2. gongs handsaming

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Driftsutvalet vedtek i medhald av pbl. § 12-14 og gjeldande delegasjonsreglement
Detaljplan 201601 Bergekrossen FV13/FV491 med ei mindre endring av reguleringsplan
Bergekrossen Næringsområde.

15.06.2017 Driftsutvalet

Behandling:

Samrøystes vedtak

DRU-031/17Vedtak:

Driftsutvalet vedtek i medhald av pbl. § 12-14 og gjeldande delegasjonsreglement

Detaljplan 201601 Bergekrossen FV13/FV491 med ei mindre endring av reguleringsplan Bergekrossen Næringsområde.

Dokumentliste:

Dok.dato	Tittel
24.05.2017	VS: Bergekrossen - revidert plan og sosifiler
24.05.2017	VS: Svar på brevet frå Statens vegvesen
08.05.2017	Høringsuttalser til Detaljregulering for Bergekrossen
02.05.2017	Dokument 16/152219-5 Reguleringsplan - PlanID 201601 - Bergekrossen fv. 13 / fv. 491 - Forsand kommune - Offentleg ettersyn sendt fra Statens vegvesen
30.03.2017	Fråsegn til plan 201601 detaljplan for Bergekrossen FV13 og FV491, Forsand
24.03.2017	201601 Detaljplan Bergekrossen FV13/FV491 - offentlig ettersyn
09.02.2017	Reviderte planbestemmelser og plankart
16.12.2016	201601 Oversendelse av detaljreguleringsplan for Bergekrossen
02.11.2016	Dokument 16/152219-2 Varsel om detaljregulering - PlanID 201601 - Bergekrossen fv. 13 / fv. 491 - Forsand kommune sendt fra Statens vegvesen
04.10.2016	Varsel om oppstart av planarbeid, PlanID 201601

Samandrag / Fakta

Asplan Viak AS fremja 16.12.2016 på vegne av Forsand Sandkompani AS endring av reguleringsplan for Bergekrossen næringsområde for omlegging av krysset mellom Fv 13 og Fv 491 i samband med masseuttak og flytting/omlegging av Fv 491.

Planendringa består i fjerning av T-kryss og omlegging til ein 90 graders sving med radius 55 meter og reduserer tomte/parkeringsplassen og utvidingsmoglegheit for Bergekrossen næringsbygg.

Sak om reguleringsendring vart handsama i driftsutvalet 23.02. 2017, sak 011/17 og lagt ut til offentlig ettersyn 24.03.2017.

Lover, forskrifter, rundskriv

Plan- og bygningslova av 27.06.2008 med endring av 04.09.2015, gjeldande frå 1.01.2016.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak.

Reguleringsplan for Bergekrossen bustad og næringsområde vedteken 21.06.2006, KS sak 042/06 og detaljplan 201401 Regulering masseuttak Hestamoen vedteken 11.05.2016 KS sak 045/16 og stadfesta etter mekling 15.06.2016 i KS sak 072/16.

Innkomne uttalar

Fylkesmannen i Rogaland; ingen særskilte merknader.

Statens vegvesen skriv:

Statens vegvesen har følgjande merknadar til planforslaget:

- Veganlegget skal ha ein teknisk utforming jf. krav stilt i gjeldande handbøker «N100 Veg- og gateutforming» og «V121 – Geometrisk utforming av veg- og gatekryss».
- For vegklasse Sa1 skal stoppsikt dimensjonerast ut i frå horisontalkurveradius jf. tabell C.14 i N100.
- Det må regulerast inn siktlinjer mellom gang- og sykkelveg og avkjørsel, og mellom gang- og sykkelveg og kjøreveg jf. figur E.29, E.30 og E.31 i handbok N100.
- Det må regulerast inn stoppsikt langs gang- og sykkelvegen i kurven ved KB jf. krava i figur E.29 i handbok N100.

Forslagstillars svar på merknader frå Statens Vegvesen:

Punkt 1. Linjeføring for fv491 Fossanvegen er revidert iht. Håndbok N100.

Punkt 2. Vi kjenner til stoppsikt og kjørte sporingsanalyse, fikk ikke noe konsekvenser for plan utefra det. Siktlinjer ved manuell inntegning «havner i grøft», og siden det blir ikke noe høy beplanting eller rekkverk mellom GS-veg og veg, så er stoppsikt ivaretatt.

Punkt 3. Alle siktlinjer er med.

Punkt 4. Siktlinjer i dette tilfelle «havner i grøft», og siden det blir ikke noe høy beplanting eller rekkverk mellom GS-veg og veg, så er stoppsikt ivaretatt.

Alternative løysingar med konsekvensar

Sidan planen for masseuttak på Hestamoen medfører omlegging av fylkesveg 491 og T-krysset i Bergekrossen fjernast er det påkrevande av trafikale grunnar å legge inn ein slakare 90 graders sving rundt næringsparken.

Konsekvensar for barn og unge

Betre trafikktryggleik ved at gang- og sykkelstien mellom skule/kulturhus/idrettsplass og sentrumsfunksjonane krysser under eksisterande fv 13 ved bedehuset.

Vurdering og konklusjon

Endring av 90 graders svingen av Fv 13/ Fv 491 i Bergekrossen når masseuttak på Hestamoen medfører omlegging av Fv 491 er naudsynt av trafikkmessige- og støymessige grunnar. Det leggst opp til vegstandard tilsvarande SA1 med radius 55 meter gjennom vegkrysset og ei reduksjon av fartsgrensa frå 60 til 50 km/t (eiga søknad ti Statens vegvesen). Sjå planskriv punkt 5.2 Trafikkgrunnlaget for meir informasjon. I detaljplanen for masseuttak på Hestamoen var det lagt inn følgjande rekkefølgekrav:

1. *Uttak kan ikke starte før ny fv 491 er etablert iht. reguleringsplan. Herunder gjelder også gang-/sykkelvei, busslomme, parkeringsplass samt omlegging av kryss i Bergekrossen.*
2. *Før uttaket kommer nær vann- og avløpsnett som går gjennom området, skal dette legges om etter planer godkjent av Forsand kommune*

Forslag til detaljregulering for Bergekrossen Fv13/Fv491 legest ut til offentlig ettersyn slik den føreligg.

Driftsutvalet vedtek i medhald av pbl. § 12-12 å legge ut 201601 Detaljplan Bergekrossen FV13/FV91 til offentlig ettersyn.

Søren Jensen
rådmann